

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7355-1

Aldersgrense for kreftbehandling

Medlemmane i fylkesrådet for eldre skriv uttale i møte 21. september

Vedlegg:

Avisoppslag i Firda om aldersgrense for kreftbehandling

SAKSFRAMSTILLING

Eldrerådet i Bremanger ber fylkesrådet for eldre om å ta opp sak som vart omtalt i avisa Firda 17. juni, om aldersgrense for kreftbehandling.

Kreftbehandling er basert på retningslinjer for å sikre at ein skal få lik behandling. Retningslinjene skal ta omsyn til kreftforma og kva utviklingsstadie den er på når pasienten får diagnosen. Alder kan vere eit tema av omsyn til pasienten.

Nasjonale retningslinjer seier at pasienten ikkje får behandling og vidare oppfølging etter at pasienten er passert 75 år.